



DEN NORSKE KYRKJA
Meland kyrkjelyd

Årsmelding 2022 Meland kyrkjelyd



Innholdsfortegnelse

Innleiing	4
Soknerådet.....	4
Samansetjing	4
Møter og sakshandsaming	4
Viktigaste saksområde	4
Underutval	4
Tilsette og stillingar.....	5
Bygg og anlegg	6
Kyrkja.....	6
Dugnad i kyrkja.....	6
Kyrkjegarden.....	6
Planlegging av ny kyrkje på Frekhaug	6
Planlagt ombygging av Frekhaug torg	6
Økonomi	7
Inntektene	7
Gåver og tilskot	7
Utgiftene	8
Balansen.....	9
Statistikk, gudstenester og korona	9
Tilbake til normalen	9
Kommentar til gudstenestene	9
Kommentarar til andre kyrkjelege handlingar	10
Ymse	10
Frivillige	10
Misjonutvalet og misjon.....	10
Misjonsprosjektet vårt	10
2 arrangement i kyrkja.....	10
Tekster til Kontakt. Borna	10
Kontakt og fellesblad	11
Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid.....	11
Enkelttiltak – trusopplæring.....	11
«Agent for rettferdighet»	11
Barnehagevandringar	11

Konfirmantar	12
Babysong/småbarnstreff	12
HipHop-kurs for barn	12
Yngres	12
Løvegjengen	12
Onsdagsklubben	12
UngKyrkja	12
Leir og overnattingsturar med Ungkyrkja	13
Tur til London tilknytt leiarkurset	13
Heimegruppe for ungdom	14
Leiarkurs	14
Tenklubben	14
Diakoni	14
Open Møteplass	14
Rosetenesta	14
Språkkafé/internasjonalt arbeid	14
To fellestiltak i Alver	14
Språkkafeen	15
Besøkstenesta	15
Turgruppa	15
Sorggruppe	15
Sjelesorg	15
Senior's	15
Fasteaksjonen 2022	16
Musikklivet	16
Kyrkjelydsundersøking 2022	16
Sluttord ved soknerådet	19

Innleiing

Eit tilbakeblikk på året før er alltid nyttig. I 2022 kunne vi i stor grad legge pandemien bak oss og det ser ut som det har skapt ein ny giv i Meland kyrkjelyd. Spesielt hausten viste svært gode gudstenestetil og kyrkjelydsprofilen viser at det er mykje entusiasme mellom dei mest aktive kyrkjelydsmedlemmene. Ungdomsarbeidet er i vekst og utvikling, det diakonale arbeidet er også i utvikling. Så det er mykje å glede seg over for tida.

Soknerådet

Samansetjing

- * Regine Sagstad Berg (leiar)
- * Kristin Brakstad Traa (nestleiar)
- * Erlend Åsebø
- * Astrid Anne Fjeldstad



* Bent Gunnar Næss

* Maria Sæle

* Bjørn Tore Sæle
(sokneprest)

Vara:

* Aslaug Aalen (1. vara
i 2022)

* Per Audun Heskestad

* Andreas Sagstad
Berg

* Aslaug C. Sæle
Miljeteig

Soknerådet jan.23, Erlend Åsebø var ikkje til stades, Per Audun Heskestad var vara

Bertine Wiig Sulebakk fekk innvilga permisjon i 2022. Bent Gunnar Næss er soknerådet sin representant i Alver kyrkjelege fellestråd. Anne Sofie N. Uthaug er sekretær for soknerådet og med i arbeidsutvalet saman med leiar, nestleiar og sokneprest

Møter og sakshandsaming

Det vart gjort 34 vedtak i 2022 på tilsaman 9 møter. Årsmøtet vart gjennomført 20.03 etter ei gudsteneste.

Viktigaste saksområde

- Handlingsplan for sokneråd og stab
- Kyrkjeval 2023. Oppnemning av nominasjonskomite for kyrkjevalet
- Tilsetting av ny sekretær og ny kyrkjemusikar
- Innreiing av dåpssakristiet
- Nye benkeputer til kyrkja
- Ombygging av Frekhaug torg
- Avtale med bispedømet om ettergjeving av lønnskostnader

Underutval

Arbeidsutvalet møter før kvart sokneråd for å førebu sakene og er samansett av soknerådsleiar, nestleiar, sokneprest og dagleg leiar.

Barne- og ungdomsutvalet har hatt ?. møter i 2022

Misjonsutvalet har hatt 4 møter i 2022

Kyrkjeutvalet har hatt noko aktivitet i 2022 med tanke på tomteløysingar.

Kontaktredaksjonen har hatt møter i samband med dei fire blada som kom ut i 2022 og møter også i fellesredaksjonsmøter.

Tilsette og stillingar

Tilsette:

Tittel	Namn		Kommentar
Sokneprest	Bjørn Tore Sæle	100 %	Tilsett i Bjørgvin bispedøme
Spesialprest	Håkon Økland Kinsarvik	100%	Tilsett i Bjørgvin bispedøme
Dagleg leiar	Anne Sofie Nergård Uthaug	100%	Vår 2022 – 20% i Osterfjorden. Frå haust 22: fellesrådsfunksjonar
Kyrkjetenar	Mounir Alserhan	50%	
Kyrkjelyds- pedagog	Anne Marit Fosse Dahle	100%	
Diakon	Ruben Sæle	100%	
Kyrkjelyds- musikar	Trond Fykse	100%	Tok til i Osterfjorden sokn frå 01.10.22
Administrasjons- sekretær	Barbara Pekala	100% vikar	I perioden aug 21- mai 22. Delt med Lindås sokn 40/60)
Sekretær	Gyda Matland	100% fast	Tok til 23.05.22. Delt med Radøy sokn 50/50.



Trond Fykse på avslutningsmarkeringa oktober 22

Bygg og anlegg

Kyrkja

I 2022 vart det gjort noko ferdigstillingsarbeid i kyrkja etter den store oppgraderinga i 2021. Det var å få innreidd dåpssakristiet og innsamling og innkjøp av nye puter til kyrkjebenkane. Det vart samla inn 46 338kr til benkeputene. Kostnaden var til saman på kr. 82 337.

Nytt møbel til korpartiet står framleis på vent.

Dugnad i kyrkja

Nokre flinke menneske i soknerådet stod for innkjøp av møblar og kunst og innreieing av dåpssakristiet.



Det vart ferdig rundt påske 2022 og vart eit fint og presentabelt rom.

I november 2022 vart det gjennomført ein dugnad i kyrkja for å ta reinhaldsoppgåver som det ikkje er mogleg å rekke for ein deltidstilsett kyrkjetenar. Det var god stemning i dugnaden og ei oppleving av at dette kan ein gjere kvart år.

Kyrkjegarden

I 2022 klarte kommunen endeleg å få planen for den nye tilkomstvegen for Bjørnestad godkjent, etter lang tids forseinking av prosjektet pga motsegner frå fylkeskommunen. Denne vegløysinga har vore hindringa for å få planen for kyrkjegardsutviding godkjent. Utvidinga av kyrkjegarden står ikkje på kommunen sin investeringsplan. Det byrjar å bli trongt om plassen på kyrkjegarden på Meland, men driftsavdelinga arbeider for å ta tidlegare brukte område i bruk på nytt.

Planlegging av ny kyrkje på Frekhaug

Kyrkjeutvalet har hatt nokre møte gjennom 2022. I tillegg til fokus på plassering av ny kyrkje, har også finansiering av tomt vore tematisert, særskilt med tanke på det kommunale bidraget. Arbeidet held fram med sikte på vidare avklaring av finansiering og lokalisering.

Intensjonsavtalen som vart vedteken i Meland kommunestyre er framleis gjeldande i Alver kommune.

Planlagt ombygging av Frekhaug torg

Boligsenteret som vart den nye eigaren av bygget som Møteplassen og kyrkjekontoret held til i, planlagde ombygging av heile bygget frå 2023. Soknerådet og fellesrådet ønskjer framleis å leige plass i bygget og det er planar om å leige større og betre utnyttta areal, så sant det ordnar seg med det økonomiske grunnlaget. Det vart først tenkt flytting ut i desember 2022, men det vart utsett.

Økonomi

Resultatet på årsrekneskapen 2022 var eit mindreforbruk (overskot) på kr 28 217. Mindreforbruket for 2020 på kr 193 081 vart sett av på disposisjonfondet. Det har ikkje vorte brukt av disposisjonfondet i 2022, sjølv om ein hadde budsjettert for det. Det har vore god balanse mellom inntekter og utgifter, men begge deler er under budsjett.

Pandemien tok slutt i økonomisk forstand ved starten av 2022 og har ikkje gitt så store utslag på det rekneskapsmessige resultatet som året før.

Også i 2022 slapp kyrkjelyden å betale for 30% av spesialpreststillinga, sidan bispedømet kunne ettergje desse pengane. Denne ettergjevinga vart avklart våren 2022 at kunne vare nokre år, sidan bispedømet har hatt noko tilgjengelege lønnsmidlar. Og i budsjettet står dette som ein post på 250.000 i utgifter som altså ikkje vart betalt etter denne avtalen. Seinare har bispedømet fått strammare økonomi. Samtidig har soknet ønska å bruke desse midlane til å utvide det framtidige lokalet i Frekhaug torg meir enn det er rom for i fellesrådet sine midlar. Det er difor uheldig at overskotet ikkje er større. Kvifor det er blitt slik er forsøkt forklart nedanfor.

Inntektene

Inntektene vart samla 91 966 under budsjett. Den største nedgangen i inntekt i forhold til budsjett er nedgangen i konfirmantbetaling. Faktureringa av konfirmantane for leiren i mai har uteblitt. Dette er sjølv sagt berre å beklage. Tapet utgjør om lag 70.000 kroner. Bestillinga av fakturering gjekk ut frå kontoret men vart ikkje vidareført av rekneskapsbyrået. Dagleg leiar burde ha oppdaga mangelen tidlegare enn ved årsslutt, men det ville nok skjedd for seint til etterfakturering av ein leir.

Elles er det ikkje dramatisk nedgang i inntektene. Det har ikkje vorte budsjettert med mva-refusjon og heller ikkje tilskotet til ungdomsarbeidet som ein fekk på 50.000 kroner eller tilskotet frå fellesrådet (såkalla klokkarmidlar) på 20.000 kroner. Nokre inntekter har hamna på andre rekneskapskontoar enn budsjettert med, pga ny praksis hjå rekneskapsførar. (Annonseinntekter og tilskot frå kommunen).


Gåver og tilskot

Det er kanskje like så interessant å sjå på utviklinga i gåveinntektene som i forholdet til budsjettet. Og utviklinga er i stor grad positiv. Gjevartenesta har gått forsiktig opp sidan året før og hamna akkurat på budsjettnivå. Offer til andre har gått kraftig opp i høve til året før og budsjett. Offer til eige arbeid har gått ned i forhold til budsjett, men opp samanlikna med dei to åra før. Ein vesentleg endring i offer er at det no ikkje vert samla inn kontantar i benkane, dette vart det slutt på i pandemien. Men til gjengjeld fekk Meland kyrkje endeleg wifi-nettverk i kyrkja i 2022, og det merkast på at ein no kan samle inn Vipps-gåver midt i gudstenesta. Det har likevel ikkje gjort dramatiske utslag på offerinntektene.


Meland kyrkjelyd har vore betre på å samle inn offer til andre i 2022 enn tidlegare. Av offer til andre i 2022 gjekk 84.000 til misjonsprosjektet vårt i NMS-regi i Midtausten.

Det har vorte gjort ein god jobb med å skaffe tilskot, ikkje minst midlar til Ungkyrkja, der er det komne eigne tilskot. At soknet har sluppe å betale lønnsrefusjon til spesialpresten til bispedømet er også ei anerkjenning av ungdomsarbeidet.

Gjevartenesta og offer 2019-22



Diverse tilskot og gåver 2019-22



Utgiftene

Sidan inntektene ikkje vart som forventa i 2022, er det godt at utgiftene også vart haldne på eit moderat nivå. Det vart brukt mindre på inventar og utstyr enn ein hadde teke høgde for i budsjettet. Det gjeld også ein del andre postar som stod ubrukt eller vart lite brukt. Det vart brukt meir på tur og leir og på innleigde tenester enn budsjettert med. Dette skuldast at vi har hatt bra med aktivitet for barn og unge og alt var ikkje planlagt når budsjettet vart lagt. Honorara har i gått til muskar på konfirmasjonsgudstenester (Fellesrådet må spare på honorar til muskarar og soknet har teke utgifta til ekstra muskar), hip-hopinstruktørane, hjelp på konfirmantleir og ungdomsleir, honorar til layoutarbeid på Kontakt og dirigent for Felix. Ungdomsleir og tur til London for leiarkurset har også auka utgiftene. Alt er altså aktivitetsbaserte utgifter. Når ikkje ein leir eller eit kurs balanserer utgifter mot inntekter kan soknet velje å sjå på underskotet som ei sponsing av tiltaket. Viss ein ikkje er villig til det, må økonomien styrast strammare framover.

Balansen

Det viktigaste å merke seg i balansen er at disposisjonsfondet har auka til 628 188 sidan ein fekk eit bra stort overskot i 2021.

Statistikk, gudstenester og korona

Tilbake til normalen

Starten av 2022 var framleis delvis nedstengt, noko som fekk innverknad på gudstenester og anna aktivitet. Frå ca. midten av februar kunne ein arrangere utan restriksjonar. Opplevinga var då at Meland stod godt rusta til å kome raskt tilbake i normalt gjenge. Meland har mange engasjerte frivillige og tilsette, og mange bidrog til at kyrkjelyden hadde god driv også under nedstenginga, noko som kan forklare kvifor aktiviteten tok seg raskt opp. Det gode inntrykket festa seg utover sommaren og hausten, og mange har gjeve uttrykk for entusiasme over gudstenestefelleskapen og aktivitetane elles. Gudstenestesøkinga var svært god i haust.

Statistikk nøkkeltal

Kva	2020	2021	2022
Tal på gudstenester søndag og helligdagar	48	51	61
Frammøtte på gudstenester søndagar og helligdagar	3809	3880	6766
Snitt frammøtte på søndagar og helligdagar	79	76	111
Totalt tal gudstenester i Meland	83	104	97
Gjennomsnitt oppmøtte alle gudstenester	68	65	103
Digitale sendingar (gudstenester og anna)	48	38	0
Tal totalt til nattverd	2123	2435	3619
Tal på gudstenester med nattverd	38	52	59
Snitt nattverddeltakarar pr. nattverdguðsteneste	56	47	61
Utmeldingar	21	30	30
Innmeldingar	7	4	2
Dåp	61	64	53
Konfirmerte	66	83	71
Vigsel	8	9	8
Gravferder	32	33	42
Søndagsskule/Løvegjengen – stipulert	45	45	45
Institusjonsandakter	15	19	47
Husgrupper	10	9	9

Kommentar til gudstenestene

Det er færre gudstenester i 2022 enn i 2021. I 2021 hadde vi opptil fleire gudstenester somme dagar pga. restriksjonane. Når desse forsvann, kunne ein t.d. ha dåpen i hovudgudstenesta. Eit anna døme er at ein kunne ha ein samtalegudsteneste for konfirmantar i staden for fleire. Men trass i færre gudstenester, har det totale talet på frammøtte gått kraftig opp. Særskilt hausten 2022 var god. Då låg snittet i hovudgudstenesta over 140, medan snittet for heile året er ca. 111. Også talet på nattverdsgjestar visar ein god oppsving samanlikna med 2021.

Det var kjekt at ein også kunne ha skulegudstenester for første gong sidan 2019. Det er også gjennomført mange gudstenester i samband med Ungkyrkja, og gudstenester i samband med konfirmantleir. Det blei ikkje gjennomført digitale sendingar i 2022. Opplevinga var at folk prioriterer å møtast fysisk, og at behovet for digitale tilbod er redusert etter pandemien.

Kommentarar til andre kyrkjelege handlingar

Det var litt færre konfirmantar enn året før, (71 mot 83), men fleire gravferder (42 mot 33). Talet på vigslar er stabilt, det same med utmeldingar, medan talet på døypte har gått noko ned. Jamlege andaktar på Nordgardstunet, Dagsenteret og Vikebø er teke opp att med full styrke.

Ymse

Hip-hop-dansarane deltok på to gudstenester. Endeleg kunne ein også gjennomføre konsertar, inkludert julekonsertar. Husgruppene var i god driv. Det var nytt at Fastetida blei så tydelig markert: Kyrkjelyden hadde ein eigen aksjonsdag på Frekhaug med ulike aktivitetar og tilbod til inntekt for Kirkens Nødhjelp. Det vart også arrangert «Marked for rettferdighet» i kyrkja i samband med ei gudsteneste, også den til inntekt for KN. Dessutan gjorde konfirmantane ein stor innsats. Totalt sett samla kyrkjelyden inn over 100.000 kronar gjennom heile fastetida.

Frivillige

Kyrkjelyden har mange frivillige, og endå fleire har engasjert seg i løpet av 2022.

Misjonutvalet og misjon

Medlemmar i misjonsutvalet i 2022 har vore Åshild Bjørkum Furukawa, Kristin Mestad, Jonita Næss og Berit Nøst Dale (leiar). Frå januar 2023 har Jonita Næss gått ut, Berit N Dale har slutta som leiar, men fungerer til neste misjonsutval er utnemnd av soknerådet. Fleire er spurde om å vere med i utvalet, dei ønsker fleire menn t.d. To har svart positivt til å bli med - for to år om gongen.

Misjonsprosjektet vårt

Ifølge mandatet skal misjonsutvalet sørge for at soknet har eit misjonsprosjekt. For tida er det den kristne TV-kanalen SAT 7. Saman med NMS støttar vi denne med pengar og forbøn. Den når alle land i Midtausten og sender program for barn og vaksne på arabisk, tyrkisk og farsi.

For at vi ikkje skal gløyme dette undervegs, skal utvalet laga til minst eit arrangement/gudsteneste kvart semester der misjon er hovudtema.

2 arrangement i kyrkja

I høve avslutninga **12. juni** for søndagsskolen, var det basar ved kyrkjekaffien etter gudstenesta.

Det kom så mange gevinstar og folk! Dette engasjerer – det er jo gøy å gi pengar på denne måten. Og samtidig er det ei god læring om urettferda i verda, for alle vinn jo ikkje!

Utvalet var med å gjere gudstenesta den **20. nov.** til ei misjongudsteneste, med Åslaug Ihle Thingnæs fra NMS som gjestetalar. Også der var det basar saman med kyrkjekaffien, som ein kan seie har vorte ein suksess, med langt fleire deltakarar enn det var på basar på Møteplassen – i åra før pandemien.

Tekster til Kontakt. Borna

Utvalet har skriva ein tekst om misjon i Kontakt kvar gong bladet kjem ut, for på den måten å vise at misjon er ein normal og nødvendig del av det å vere kyrkje. Med Kontakt får vi og ei større kontaktflate enn gudstenesteforsamlinga. Likeins er det viktig at borna på søndagsskolen får eit innblikk i kva misjon er. Der har vi enno ein god del igjen å gjere.

Kontakt og fellesblad

Kontakt kom også i 2022 ut med 4 nummer og dei 8 midtsidene er felles med sokna i heile Alver. Det er dagleg leiar Anne Sofie Uthaug saman med Solveig Westermoen som utgjer den lokale redaksjonen, og ein av dei møter i felles redaksjon. Det trengs fleire medarbeidarar til arbeidet. Innsamling av lokalt stoff og redigering av dette er gjort av dagleg leiar. Fellessidene og heilskapen har hatt Gunvor Taule Mjanger som redaktør i 2022. Layout vert utført av eit firma, det same er distribusjonen av bladet. Dei andre sokna i Alver deler ut bladet ved hjelp av frivillige.

Soknerådet meiner at bladet bør utfasast over tid og erstattast med andre informasjonskanalar.

Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid.

Enkelttiltak – trusopplæring

Tiltak	Deltakarar 2022	Deltakarar 2021
Lys vaken	25	21
Tårnagent	15	16
Ranselbøn	11	10
4-årsbok	27	31
Agent for rettferdighet	12	----

«Agent for rettferdighet»

Nytt for året er «Agent for rettferdighet». Dette er eit opplegg som handlar om å bli litt meir bevisst på fattigdommen og urettferda i verda. 4.klassingar frå Sagstad skule blei invitert, og 12 barn blei med. Vi hadde to samlingar rett etter skuletid, der vi blant anna førebudde «marked for rettferdighet», som blei arrangert i kyrkja 27.mars. Der var agentene med å gjere ulike ting for å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Dei selte kaker, leiker, godteri, og var med på ulike aktivitetspostar, der alle pengane gjekk til fasteaksjonen. Dette blei ein veldig kjekk dag, og dei samla inn over 13.000 kr.



Barnehagevandringar

Tradisjonen tru hadde vi nokre fine barnehagevandringar i starten på adventstida. Fem barnehagar kom på besøk, fordelt på to dagar. Dette er alltid kjekke møtepunkt, både for barn og vaksne.

Konfirmantar

I 2022 har vi hatt eit konfirmantkull på 71 konfirmantar. Konfirmantåret starta med lysmesse, denne gongen med med både konfirmantar og andre til stades, før samfunnet nok ein gong blei lukka pga. korona. Heldigvis opna det kjapt opp igjen, så undervisningsgrupper, leir, gudstenester og anna program kunne gå som normalt. Heimegruppene kom vi dessverre ikkje i gang med. Det var to undervisningsgrupper på Rossland og tre på Frekhaug, og begge prestane, diakonen og kyrkjelydspedagogen er alle med og underviser. Slik sett er konfirmantarbeidet noko som vi bruker mykje ressursar og tid på. Men det gir også gode resultat i ungdomsarbeidet Ungkyrkja, sjå dette.

Det blei gjennomført 6 konfirmasjonsgudstenester.

Babysong/småbarnstreff

Det er godt og stabilt oppmøte på babysang og småbarnstreff. Vanlegvis kom det mellom 15 og 20 vaksne i følgje med tilsvarande tal småbarn, altså mellom 30-40 deltakarar. På hausten kom Helga Stokke tilbake som frivillig medhjelpar, til stor glede for både små og store.

HipHop-kurs for barn

Det har blitt arrangert to HipHop-kurs denne hausten, eit for 1.-3.klasse, og eit for 4.-6.klasse. Til saman 32 barn har vore med. Det blei ei strålende framvising på Lys Vaken-gudstenesta i Meland kyrkje i november. I tillegg hadde fjorårets hiphop-kurs framvising på «Marked for rettferdighet» i kyrkja i mars. Karianne Fosse Rødland og Synnøve Litleskare Saad er instruktørar. Hip-hopkursa er populære og blir fullbooka veldig raskt.

Yngres

Meland kyrkje og Frekhaug indremisjon samarbeider om tiltaket Yngres på Frekhaug bedehus. Samlingane er annakvar fredag og er for barn frå 5. til 7. klasse. Det har vore veldig godt oppmøte på Yngres dette året, som oftast rundt 100 barn til stades. Det er mange flotte vaksne med i leiargruppa.

Løvegjengen

2022 har vore prega av godt arbeid frå dei frivillig, ein har som oftast klart å ha to grupper, både vår og haust utanom ferier. Ein har også hatt eigne løvegjeng gudstenester nokon gongar i året.

Ingunn Reigstad har tatt over leiing og oppfølging av dei frivillige i løvegjengen, ho har gjort ein god og viktig jobb. Ein har hatt medarbeidar frå Søndagsskolen Norge på besøk for inspirasjon til dei frivillige. Det har vorte fleire frivillige dette året, noko som er til stor glede, men ein kan bli endå fleire. Det har vore 11 medlemmer i løvegjengen. Ei gruppe som ein endå treng jobbe spesielt for er borna i alderen 10-13. Løvegjengen er ein viktig del av kyrkjelydens arbeid og ein viktig grunn til at barnefamiljar kjem på gudstenestene våre. Tusen takk til alle som er med i arbeidet.

Onsdagsklubben

Onsdagsklubben er ein utesøndagsskule som møtast annakvar onsdag i Mjåtveitmarka. Den blir leia av Øystein Aamli og Ruben Sæle og er tilpassa barn under skulealder. I 2022 var det 11 samlingar. 29 barn var innom i løpet av hausten. Onsdagsklubben er eit samarbeid med Frekhaug indremisjon og er tilslutta Søndagsskolen Norge.

UngKyrkja

UngKyrkja er leia av spesialpresten i samarbeid med diakonen. Våren 2022 starta ein opp med faste samlingar på Rossland Bedehus. På samlingane har ein ulike aktivitetar, panfløytekurs, gudsteneste og

kiosk. Bedehuset på Rosslund har vore ein god samarbeidspartnar og me er takksam for at me har fått bruke bedehuset.

Det var 5 samlingar våren 2022, det kom mellom 15-45 ungdomar. 13 føresette var med å bidrog i kiosk, vask og som vakter. Trine Bruvik, Daniel Kydland, Steffen Øpstebø og Shara Hofland har vore fast med som frivillige leiarar. Leiarkursdeltakarar har hatt oppgåver på samlingane.

Hausten 2022 flytta ein samlingane til Vestbygd skule. Dette er nærare der dei fleste ungdommane bur og lettare å komme til. Ein hadde også julefest på grendehuset på Tveit. Oppslutnaden har vore god, med sidan det ikkje har vore like ofte har det ikkje vore ein fast kjerne på samlingane. Dette jobbar ein vidare med i 2023.

Me er takksam for alle som er med i arbeidet vårt.

Leir og overnattingsturar med Ungkyrkja

Hausten byrja med leir til Alværa misjonscenter i Lavik. Det var rundt 25 ungdomar på denne leiren. Ein hadde eit tett og innhaldsrikt program. På leiren var det undervisning, paintball og nattmanøver der ein skulle lære om forfølgde kristne. Ein positiv trend er at ungdom som har byrja på VGS er framleis med i miljøet både som ungdomsleiarar og deltakarar.

I byrjinga av november hadde ein halloween-overnatting i kyrkja. Tema var døden og allehelgensdag. Her var det 13 deltakarar pluss 8 ungdomsleiarar som var med utanom vaksne. Ein hadde eit sporløp ute, gudsteneste i kyrkja der ungdomsleiararen leia gudstenesta og ei av dei spelte piano.

Tur til London tilknytt leiarkurset

10-13 august reiste 15 ungdommar og 7 leiarar til London, vi besøkte kyrkjer, såg musikalen Les Miserables, bygde fellesskap og hadde undervisning. Tema på turen var Nåde, henta frå musikalen Les Miserables. Ungdommane var delt inn i grupper som dei var med i. Mange av ungdommane reiste utan familie for første gang og det var kjekt å sjå dei ta steg i å verte meir sjølvstendig og trygge. Mange av dei som var med på turen har vore med i miljøet vidare i haust og ein kan sjå stor verdi av turen i ettertida.



Ole Håkon, Aleksander, Shara og Justin ved Big Ben

Heimegruppe for ungdom

Etter turen til London har behovet for ei heimegruppe vakse fram. Dei har samla seg rundt fire gongar på hausten. Trine Bruvik, Daniel Kydland og Shara Hofland leiar gruppa. Det har vore mellom 4-9 ungdommar med i gruppa som samlast ein gong i månaden. Ein fortel korleis ein har det, les i Bibelen, har refleksjon over tru og liv og ein gjer noko kjekt saman. Ein kan sjå at mange av våre ungdommar veks og tek steg i trua.

Leiarkurs

Femten ungdommar har vore med i leiarkurs i 2022, dei fekk utdelt bevis på ei gudsteneste hausten 2022. Fokuset på leiarkurs har vore praksis, ein kan sjå ein stor utvikling hjå alle ungdommane som har vore med. Hausten 2022 byrja ein med eit nytt kull, det var fire som var påmeldt, dei har hatt ein samling før jul der ein reiste til Bergen for å besøke St. Jakob-kyrkja. Tross at ein ikkje er mange på leiarkurs er det mange av dei ungdommane som har vore med før som er med framleis og tek meir ansvar.

Tenklubben

Tenklubben var eit ungdomstiltak i samarbeid med Frekhaug Indremisjon. Det blei lagt ned i januar 2022.

Diakoni

Soknerådet oppretta i 2022 eit diakoniutval som hadde sitt første møte i desember. Utvalet skal mellom anna jobbe med strategi, rekruttering, informasjon og kommunikasjon mellom stab, sokneråd og kyrkjelyd vedrørende det diakonale arbeidet. Utvalet består av Linda Abrahamsen som er leiar, Maria Aylmer og Maria Sæle (soknerådsrepresentant). Diakonen er sekretær for utvalet.

Open Møteplass

Det har vore Open Møteplass kvar måndag og onsdag heile 2022, bortsett frå juni-august då det var ope kvar onsdag. Til saman har det vore Open Møteplass 79 gonger. Det var 16 medarbeidarar i starten av året. To har gitt seg og ein har kome til i løpet av året. Astrid Anne Fjeldstad og Åshild Bjørkum Furukawa leia arbeidet.

Rosetenesta

Kyrkjelyden deler ut blomehelsing til alle som fyller 80, 85, 90 eller meir. I 2022 har 20 frivillige delt ut 107 blomehelsingar. Hilda Austegard koordinerer arbeidet.

Språkkafé/internasjonalt arbeid

To fellestiltak i Alver

Alver kyrkjelege fellesråd fekk midlar til å drive integreringsarbeid hausten 2022. Noko gjekk til drift av Språkkafeen og andre aktuelle tiltak i Alver, medan resten gjekk til to store fellesarrangement. Først ein busstur med flyktningar den 8. oktober der om lag 35 flyktningar fekk sjå Møteplassen og møte folk frå Språkkafeen, kyrkjelydssenteret på Lindås og Knarvik kyrkje. Deretter ein julefest 6. januar 2023 (ortodoks julaftan) i Knarvik kyrkje som blei førebudd på hausten 2022.

Språkkafeen

Språkkafeen starta opp att kvar måndag etter vinterferien 2022. Det var lite besøkt, så etter påske blei det tidleg sommarferie. Den 17.10. starta den opp att, då med meir besøk ma. takka vere bussturen (sjå over). Det kom også fleire frivillige til. Dei som har vore med i 2022 er: Kristin og Atle Austegard, Berit Dale, Aud Flatøy, Ingunn Myrlid, Rolf Sandstad, Samuel Aylmer, Ingrid Dale, Anne Sofie Uthaug, Siroos Kabiriasl, Roba Sarhan, Helge og Brit Torun Hitland (leiar fram til sommaren). Diakonen blei midlertidig leiar frå hausten.

Besøkstenesta

Besøkstenesta blir drive i samarbeid med Røde Kors Nordhordland. Dei står for kursing av besøksvenene, og diakon Ruben Sæle koordinerar besøkarakar og dei som ønskjer besøk i Meland i lag med Wenche Ervik Sæle frå Røde Kors. Nokre er på ein-til-ein-besøk, medan ei gruppe besøker Meland sjukeheim i lag. I 2022 var det til saman 18 frivillige medarbeidarar i besøkstenesta i Meland, tre av dei i ein-til-ein-oppdrag, 6 på besøk på sjukeheimen. Resten er ledig for andre oppdrag.

Turgruppa

Diakonen har ei turgruppe som møtast annakvar veke og går turar i nærområdet.

Sorggruppe

Våren 2022 vart det arrangert sorggruppe for etterlatte etter dødsfall av kyrkja i Alver og Alver kommune. Gruppa blei leia av diakon i Radøy Gudveig Kartveit Sundsbø og diakon i Meland Ruben Sæle. Det var ikkje nok deltakarar til ei gruppe på hausten. Det er planlagt å ha ei sorggruppe kvart semester i tida framover.

Sjelesorg

Diakonen og prestane har vore tilgjengelege for samtaler og husbesøk. Også diakon i Radøy, Gudveig Kartveit Sundsbø, har vore tilgjengeleg.

Senior's

For Senior'S har 2022 blitt året da ein endeleg kunne kome tilbake i normalt program igjen. Året starta med at dei måtte avlyse samlingene som var planlagt i januar, februar og mars på grunn av smitteregler på folkehøgskulen. Men frå april var dei i gang igjen.

Kvar samling er frå 12.00-15.00 og opplegget på samlingene er: hovedprogrampost, middag og kaffi, diverse lett program og Ord for dagen med eit tydeleg kristent innhald til slutt.

Hovedprogramma har vore «Prest i Sameland» med Trygve Hellesøy, Sommerfest i juni, «I laksens tegn» med Arthur Marøy, «Alle kan gjøre noe» med Lise Gulli Geitanger, «Den gode samtalen» med Grethe Siljuholtet og «Forventning» med Bjørg og Idar Simonsen. På dei fleste samlingene har det vore med ulike sang- og musikkrefter.

Mange kjem på Senior'S: mellom 65 og 95 deltakere. Det viser at det fins eit behov i Nordhordland for nettopp slike tiltak. Her møtes folk med ulik bakgrunn i et fellesskap om forskjellige tema, i bordfellesskap med prat og nye kjente og det heile bygd på eit kristent fundament.

Senior'S har eiga generalforsamling, eige styre og ansvar for opplegg og innhald, men bak Senior'S står Meland kyrkjelyd, Frekhaug indremisjon, Norkirken i Nordhordland og Nordhordland Folkehøgskule.

Fasteaksjonen 2022

Kyrkjelyden deltek kvart år på Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp. I 2022 var det to nye tiltak: 1) Agent for rettferdighet, eit trusopplæringstiltak for 10-åringar som laga marknad på gudstenesta den 27.03. 2) På kyrkjelyden sin Fasteaksjonsdag. 02.04 hadde kyrkjelyden mange ulike tiltak på Møteplassen/kyrkjekontoret og senteret elles til inntekt for fasteaksjonen. Det var café, jukebox-konsert, reparasjon av klede og dingsar, sykkelvedlikehald mm. Totalt var 26 frivillige i aksjon i tillegg til stab. Anne Grethe Rantrud og diakonen administrerte arrangementet. Det var ein bra dag for Kirkens Nødhjelp, men også for kyrkjelyden som fellesskap og mange av dei som kom innom Frekhaug senter den dagen.

Kyrkjelyden hadde også ein digital innsamlingsbøsse på spleis.no, og dei 5 konfirmantgruppene hadde kvar sine digitale bøsser. Konfirmantane samla inn kr. 52 043,- medan kyrkjelyden samla inn kr. 29 028,-. Saman med det som blei gitt direkte til Kirkens Nødhjelp sin Vipps eller konto blei det samla inn kr. 102 194,-

Musikklivet


Felix Vocalis har halde fram med øvingar med Jannicke Wisløff Åsebø som dirigent, men noko færre i 2022 pga koronarestriksjonar. Det vart gjennomført Syng jula inn med Ottar Mæstad ved tangentane. Andreas Westermoen har også steppa inn som pianist for koret.

Komiteen for den tradisjonelle julekonserten klarte å gjennomføre konserten utan hjelp av organist, men styrka av innsatsen frå dei kulturskule-tilsette.

Vi er heldige i Meland og har tilgang på eigne gode vikarar ved frihelger og i vakanseperioden hausten 2022, ikkje minst bør vi kunne nemne Andreas Westermoen og Ottar Mæstad.


Kyrkjelydsundersøking 2022.

Sidan 2000 har Meland kyrkjelyd teke ei spørjeundersøking i regi av Naturlig menighetsutvikling (Namu) med jamne mellomrom, kalla kyrkjelydsprofil. På slutten av året fekk ei gjennomført den tiande undersøkinga.



Resultat (forenkla) Namu-undersøkinga 2022

Det var ei stor oppmuntring, for resultatet viser ein svært positiv auke i korleis dei som svarer oppfattar kyrkjelyden. Dette er ei undersøking av dei som kan reknast som aktive i kyrkjelyden og litt over 30 personar har svara – eit representativt utval etter statistiske kriterie. Dei skal svare på korleis gudstenestene, det frivillige arbeidet og smågruppene av ulikt slag fungerer og må difor vere aktive sjølv i dette arbeidet. Det er altså ikkje ei ekstern omdømmeundersøking - som måtte sett anleis ut. (Meir informasjon om Namu: www.namunorge.no)



Namu-undersøking 2022, samanlikna med 2019, 2017 og 2014

Som lesaren kan sjå av figurane , har det skjedd ei veldig positiv utvikling over år, ikkje minst sidan sist undersøking i 2019. Når alle tal er over 50 viser det at vi på alle indikatorar er over snittet på alle kyrkjelydar (både i og utanfor DNK) som har teke slike profilar.

Det vi kan lese ut av tala er for eksempel følgjande:

- Folk vert inspirert av å gå til gudstenester i Meland og dette har auka kraftig sidan sist undersøking
- Dei frivillige medarbeidarane kan melde om at dei trivest godt i tenestene sine.
- Leiarane leier arbeidet i å utruste andre,
- Arbeidet er lagt opp med tenlege og gode strukturar
- Gruppene (husgrupper, bibelgrupper og misjonsgrupper) vert opplevd å handle om enkeltmedlemmene sine liv
- Det evangeliserande arbeidet er opplevd å vere nær behova folk har.
- Relasjonane mellom folk er gode
- Truslivet til dei aktive i kyrkjelyden er også blitt meir engasjert og meir gledesfylt enn tidlegare, men har likevel meir potensiale.

Kva er årsaka til desse gode tala, har AU til soknerådet vurdert. Nokre av forklaringane er desse:

- Stab og frivillige har klart å ha fokus på dei viktigaste arbeidsoppgåvene, også i krevjande tider som pandemien
- Det er ei oppleving av at det er godt å kome saman att etter pandemien
- Det er mykje godt samarbeid og teamarbeid
- Vi bruker mykje stabsressursar på barne- og ungdomsarbeid og gudstenester med dette fokuset – det er bevisst blitt høgt prioritert
- Det er bra stabilitet i personalet og det er ikkje store konflikhtar
- Folk legg ned stor arbeidsinnsats, både stab og frivillige
- Det blir gjort mykje «usynleg» diakonalt arbeid som auker omdømmet internt
- Det er fleire nye som oppsøker og blir med i gudstenestefelleskapet

Kva er utfordringane framover?

- Vi når ikkje over alt, og det er viktig å prioritere godt.
- Vi kan i større grad formidle tydelegere ønsket om å nå ut til fleire med evangeliet og at vi trur det er håp for kyrkjelyden.
- Vi bør vurdere korleis truslivet kan bli endå meir gledesfylt og engasjert for den enkelte
- Vi bør passe på at ikkje smågruppefelleskap i husgrupper og andre grupper, som har vore vår styrke i alle tidlegare år, ikkje blir hengande att, men kan styrkast vidare.
- Vi må rekne med og ikkje bli altfor skuffa viss det blir litt fall i tala ved neste kyrkjelydsprofil.

Sluttord ved soknerådet

Soknerådet, underutval, frivillige og stab har arbeid jamt og trutt saman siste året. Mykje arbeid er lagt ned for at alle generasjonar skal få meningsfulle og gode tilbod. Soknerådet vil nytte anledninga til å takka alle frivillige og staben for nok eit år med fantastisk innsats!



Sølvi Knudsen på dugnad november 2022

Framsdebilde: Konfirmantar p  Fjell-ly mai 2022.

Foto: Daniel Kydland, Arve Kjell og Anne Sofie Uthaug

Tekst: Staben i Meland, misjonsutvalet, Seniors.

Redaksjonsarbeid: Anne Sofie N. Uthaug